

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	04.06.2019	035/19
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	04.06.2019	015/19

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 145	Arkivsaknr 18/257
----------------------------	----------------	-------------------

Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel - framlegg til plan 2019 - 2031

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommune vedtar med heimel i § 11-14 i plan- og bygningslova å leggje framlegg til ny samfunnsdel av kommuneplanen dagsett 28.05.2019 ut på høyring og til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 04.06.2019:

Behandling:

SB- 015/19 Vedtak:

Rådet tek saka til retterretning.

Formannskapet 04.06.2019:

Behandling:

Rådmannen foreslo fylgjande endring:4

Setning side 3, 2. avsnitt 2. setning går ut og erstattes med:

Folketalet på Bokn pr. 1. kvartal 2019 har ein vekst på 1,1%. Det er likevel påkrevjande å ha fokus på tilrettelegging av tiltak som kan stimulera til vidare vekst og etableringar.

FS- 035/19 Vedtak:

Bokn kommune vedtar med heimel i § 11-14 i plan- og bygningslova å leggje framlegg til ny samfunnsdel av kommuneplanen dagsett 28.05.2019 ut på høyring med fylgjande endring i samandraget:

Setning side 3, 2. avsnitt 2. setning går ut og erstattes med:«Folketalet på Bokn pr. 1. kvartal 2019 har ein vekst på 1,1%. Det er likevel påkrevjande å ha fokus på tilrettelegging av tiltak som kan stimulera til vidare vekst og etableringar.»

Framlegget vert sendt ut på høyring og og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Kva saka gjeld:

Framlegg til ny samfunnsdel av kommuneplanen.

Bakgrunn for saka:

Bokn kommunestyre vedtok i sak 031/18 å starte arbeidet med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Planprogrammet vart godkjent av kommunestyret som sak 008/19 etter at dette hadde vore ute på høyring og lagt ut til offenkjende ettersyn.

I samsvar med planprogrammet, er det nå laga framlegg til ny samfunnsdel, som med dette vert lagt fram for politisk godkjenning.

Saksutgreiing:

I arbeidet med å revidere samfunnsdelen av kommuneplanen i samsvar med det vedtekne planprogrammet, er det i tillegg til statlege og regionale planar og føringar, lagt vekt på at planen og prosessen fram til denne skal tilfredsstillende fylgjande krav:

- **Det skal vera samanheng mellom dei ulike delane av kommuneplandokument**

Arbeidet med å utarbeide dei einiskilde delane av kommuneplanen er ressurskrevjande, og det er viktig at dette arbeidet vert følgt opp ved at det er samanheng mellom dei ulike delane heilt fram til dei årlege budsjetta.

I arbeidet med rulleringa av samfunnsdelen er det difor lagt vekt på å fylgje dei vedtaka og signala som går fram av den vedtekne planstrategien.

- **Planen skal lagast innfor ein stram tidsplan**

Framdriftsplanen for planarbeidet legg opp til at endeleg godkjenning av den nye samfunnsdelen skal skje i det siste kommunestyremøtet i denne valperioden. Dette av di det er ynskjeleg at dei politikarane som har sett i gong planarbeidet, skal få fullføre det, men også av di det er viktig at planprosessen ikkje vert så langdryg at deler av planen er forelda før den er vedteken.

Ein langdryg planprosess kan også føre til at engasjementet hjå dei som deltek i planarbeidet minkar ettersom tida går, utan at det ligg føre eit endeleg planframlegg.

- **Planen skal utarbeidast med høg grad av innbyggjarinvolvering og medverknad frå administrasjonen**

Arbeidet med rullering av samfunnsdelen er spring ut av eit lokalt behov for ein slik plan, og ikkje ut frå eit krav frå overordna organ.

Dette er i seg sjølv eit godt utgangspunkt for å få ein plan som reflekterer kommunen sine behov og utfordringar.

Med dette utgangspunktet vart arbeidet organisert ved bruk av arbeidsgrupper sett saman personell frå administrasjonen, lag og organisasjonar samt politikarar og andre ressurspersonar.

I tillegg er planarbeidet sjølvstøtt kunngjort i samsvar med krava i lovverket, og ei gruppe har nytta spørreskjema som er sendt til lag og organisasjonar.

Barn- og unge er søkt engasjert gjennom eit skuleprosjekt, og det er laga ein kortversjon av planen som vil verta sendt alle husstandar som ein del av høyringsrunden.

- **Plandokumentet skal vera så kortfatta og presist som mogeleg**

Kommuneplandokument har ein tendens til å bli dryge i omfang og lite brukarvennelege. Etter ferdigstilling endar dei difor ofte som hyllefyll, som stadfesting på Storm P si utsegn om at «Det er viktig å leggje planar, men det er viktigare å vita kor ein har lagt dei» Siktemålet i arbeidet med rullering av samfunnsdelen, har difor vore å laga eit plandokument som er relativt kortfatta og poengtert, og der satsingsområda og tiltaka kjem fram tidleg i dokumentet.

Trass i intensjonen om eit kortfatta dokument, er resultatet eit hovuddokument på 37 sider, i tillegg til eit appendix der grunnlagsarbeidet frå dei ulike arbeidsgruppene er referert.

Oppbygging av planen og hovudinnhaldet i denne

Dokumentet si oppbygging skal gje lesaren kunnskap om rammene for planarbeidet, for status generelt sett, for utfordringsbiletet og for satsingsområda for kommunen under eitt. Vidare vil ein få innblikk i kva retningslinjer ein vil leggje til grunn framover for å nå måla. I eit appendix vil ein få presentert målsetjingar, status samt utfordringsbiletet for det spesifikke temaområdet isolert sett. Vidare vil ein få eit innblikk i anbefalte, konkrete satsingsområde innaføre det enkelte temaområdet.

Hovuddokumentet på 37 sider har fylgjande innhald:

- Samandrag
- Rammer for planarbeidet
- Arbeidet i arbeidsgruppen
- Satsingsområde i planen
- Retningslinjer
- Handlingsprogram

Appendixet som inneheld oversyn over arbeidet i dei ulike gruppene, er på 30 sider.

Ei samanfating av arbeidet som er gjort i gruppene har gjeve fylgjande satsingsområde for perioden framover:

1. *Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst*
2. *Bokn kommune prioriterer for styrka lokalt næringsliv og auka verdiskaping*
3. *Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid*
4. *Bokn kommune prioriterer for auka samhandling og samskaping med lag og organisasjonar og andre aktørar/private*

For å nå måla peikar dokumentet på fylgjande retningslinjer som overordna og styrande for all

innsats:

1. *Bokn kommune skal fortsatt vera eigen kommune*
2. *Bokn kommune skal planleggje for at folketallet skal auka*
3. *Bokn kommune skal planleggje for å sikra innbyggjarane tilgang til tenester i samarbeidande kommune dersom tenesta ikkje blir levert direkte av Bokn kommune*
4. *Bokn kommune skal ha plan-, utviklings- og bestillarkompetanse (kompetanse knytt til kjøp av tenester) i eigen organisasjon*
5. *Bokn kommune skal planleggje for årlege budsjett/regnskapsoverskot på 3 %*
6. *Bokn kommune skal planleggje for rasjonalisering/innsparingar inntil kroner 5 mill. (ca. 5 % av driftsbudsjettet) innan 7 år*
7. *Bokn kommune skal planleggje for formalisering av samarbeid med frivillig sektor og andre aktørar/private*

I tillegg til hovuddokumentet er det laga ein kortversjon som det er meininga skal distribuerast til alle husstandar i kommunen som ein del av høyringsrunden.

I tillegg vil planen verta lagt ut på kommunen si heimeside.

Det vert elles vist til dei fullstendige plandokumenta som ligg ved denne saka.

Vurdering:

Etter rådmannen si vurdering, gir det framlagte utkastet til ny samfunnsdel godt greie for dei utfordringar kommunen står ovanfor både som samfunn og organisasjon, og kva satsingsområde og retningsliner for vi som peikar seg ut på grunnlag av desse.

Det vert difor rådd til at framlegget vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
22.05.2019	Sak til formannskapet 04
22.05.2019	HØYRINGSUTKAST samfunnsdel KORTversjon 28052019
22.05.2019	HØYRINGSUTKAST samfunnsdel28052019